

Emnenr. 5

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Helleland.

Emne: Vannbering.

Bygdelag: Helleland

Oppskr. av: Th.Hovland

Gard: Hovland

(adresse): Helleland

G.nr. 30 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein har frå gamalt bore vatn med vassåk og to bötter. Åket kalla ein helst rett og slett åket, stundom sa ein vasselen. Det låg over begge akslene med ein utholka opning for halsen midt på åket. Den delen som låg over akslene var holka ut etter rundingen på akslene, so trykket skulde fordela seg jamnt og det ikkje skulde gnaga nokon stad. I kvar ende av åket var det ein jernlenke med ein jarnkrok i enden til å hekta i böttehanen, som ein kalla hodda. Ein brukte trebötter til ikring 1900.
2. Denne måten å bera på har ikkje vore i bruk her hverken til vassbering eller anna slag bering.
3. Nei.
4. I tidlegare dagar var vassbering kvinnfolkarbeid. Det var kona eller tenestgjenta eller andre kvinnfolk på garden som hadde dette arbeidet.
5. Denne metoden var för i tida i bruk på alle gardar store som små, og det fins endå stader, der ein får vatnet innd på denne måten.

2

6. Av andre måter har ein brukt köyring på slede eller kjerra, men dette var helst under umfram tilhöve, når dei vanlege vasstilgongar traut på grunn av frost eller langvarig turk.

7. No er det på mest alle gardar anten trykkvassleidning ~~ikkje~~ eller pumpe so ein har vatn både i fjøs og kjøken. På mange gardar er det og automatiske drikkekar i fjoset slik at dyra drikk når dei vil, utan at ein treng ha noko slag bry med det. Andre stader har ein springvatnskrna over krybba og tappar i denne. Der dei ikkje har korkje drikkekar eller forkrybbe, tappar dei i bötter og må då bera kvar bötte bort til kua. So finns det og einskilde stader der dei ber vatn frå bekk eller kjelde som i gamal tid. Men det er ikkje mange, og det vert ferre og ferre for kvart år.

1370

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampa over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

Hei ikkjend i Helleland.



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

nei.

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

nei.

3865